

# VELKOMEN

til kunstnarhusværet Hardanger-Berlin, Fritz-Reuter Str.11, Schöneberg

## INFO OG HUSREGLAR

Det er mange ulike personar som nyttar dette husværet. Her finn du nyttig info og retningsliner for opphaldet. Dersom alle fylgjer desse blir det triveleg å opphalda seg i husværet, og mindre arbeid for dei som har det årlege tilsynet. Ver venleg å les gjennom punkta under og fylg retningslinene som er sett opp.

### INTERNETT OG KABELNETT

Internett er felles med Bergen Kommune sitt kunstnarhusvære, som er i etasjen over.

- Nett: AirBerlin - meir stabil tilkobling
- AirBerlin\_5Ghz - høgare bandbreidde
- Passord: 893484G8WEUMN334

Det er kabelnett i husværet.

### INFORMASJON

I stova finn du diverse bøker og brosjyrar med gode råd og tips for opphold i storbyen. Du finn også mange gode tips i gjestebökene. På arbeidsrommet er eit par boksar med basisverktøy pluss litt diverse utstyr som kan vera til nytte. Der er også ein dataskjerm og ein skrivar/ kopimaskin, som kan koplast til eigen pc/ mac.

### STILLETID

Huset er gammalt og sjarmerande, men det er dårleg isolert mellom etasjane. Derfor er det viktig å ta omsyn til «stilletid» som er mellom kl 13 – 15 på kvardagar, samt heile søndagen. Dette er ein vanleg husregel i Tyskland og bør overhaldast.

### BESØK

Opphold i husværet er eit studie/arbeidsopphald. Besøk må vera avgrensa i tid og omfang. Det er ikkje høve til framleige eller utlån til andre. Dersom du ikkje kan nytta heile el deler av tida, skal Hardanger Kunstlag bli kontakta, slik at andre kan få tilbod om å nytta husværet.

### MØBLERING

Husværet er enkelt, men funksjonelt møblert. Her er kjøkkenutstyr for enkel matlaging, samt sengeklede og handklede. Her er dyner og puter til seks personar. Du finn dei på hemsen og i utstikkaren på sofaen. Ikkje kjøp inn saker og ting som du set att. Ta kontakt dersom det skulle vera noko som manglar eller som vert øydelagt. Skulle noko av serviset bli knust, er det fint om du kjøper nytt på IKEA (Südkreutz) av same slag.

### LUFTING

For å unngå for mykje svevestov i husværet er det lurast å lufta ved å opna vindauge som vender mot bakgarden. Dei øvste vindauge i stova bør ikkje opnast. Det er svært vanskeleg å lukka dei att.

### RØYKING

Det er ikkje lov å røyka inne i husværet. Du kan bruka altanen om du samlar opp og fjernar oske og sneipar.

### LÅSING

Pass på at boltane i venstre ytterdør her i husværet er skikkeleg festa opp og nede i karmen. (Det var dei ikkje i Bergens-husværet då tjuvar kom seg inn i 2012.) Når du går ut, bør du vri nøkkelen ein gong rundt i låsen i tillegg til smekklåsen.

Gatedøra skal vera lukka, men ikkje låst frå innsida, for i nødsfall må ein kome seg ut utan nøkkel. Om den vert låst vil heller ikkje dørspnaren frå husværa virka. Sjekk at gatedøra smekkar skikkeleg i, når du kjem og går. Hugs «innstemme» i trappegangen.

## **BOS**

Det er søppelspann i bakgarden. Dei er merka med bio, papir, glas, og dei grå utan merke er for restavfall. På kjøkenet er det dunkar for sortering av avfall.

## **POST**

Nede i gangen er det postkasse til husværet, merka med Hardanger-klistremerke. Nøkkel til postkassen heng i skapet i gangen inne i husværet. For å motta post må du setja namnet ditt på postkassen. Om ikkje blir den returnert av postverket. Hugs å fjerna lappen før du dreg, og å hengja nøkkelen på plass att i skapet.

## **VASKEMASKIN**

Det er klesvaskemaskin på kjøkenet, som du kan bruka, men på eige ansvar. NB! Det har til tider vore problem med vasslekkasje på kjøkenet. Truleg er det i orden no - november 2017. Men uansett, ALDRI forlat husværet medan vaskemaskina er i gang, og fylg med undervegs!!! Om det skulle oppstå lekkasje kan det bli ein kostbar affære. Den som gjer tabben må stå ansvarleg for reparasjonen.

Slik brukar du maskina: Opna vasskranen og set i kontakten til maskina. Du finn dei inni skåpet under kjøkenvasken. Husk kalktablett i kvar vask. Ta av plasten på kalktabletten. Steng vasskranen og ta ut kontakten etter bruk.

Om du heller vil nytta eit myntvaskeri, er det eit som heiter Eco Express Waschsalon i Hauptstrasse 127. Det er på høgre sida i retning sentrum. Dei har ope frå kl 06 - 22 kvar dag. Der er store vaskemaskiner og tørketromlar. Ei anna løysing kan vera å ta med sengeklede, handklede og kjøkenhandkle mm heimefrå.

## **VASSKOKAREN OG KAFFITRAKTAREN**

Det blir fort kalkbelegg i vasskokaren. Gi den ein omgang med avkalkingsmiddel ved behov. Den blir fin som ny. Du finn middelet under vasken. Hugs å skola godt etterpå, og kok opp to gonger med reint vatn før bruk. Kaffitaktaren kan reinsast med ei blanding av eddik og vatn i forhold 1-4.

## **DUSJING**

Når du dusjar, hugs at dusjforhenget alltid må hengja på innsida av badekaret. Dersom det heng på utsida vil det kunne føre til vasslekkasje for husværet under. Ta alltid opp silen i badekaret og rens den og sluken under for hår, etter at du har dusja eller brukt badekaret.

## **SYKKEL**

I gangen står ein rosa sykkel med HardangerBerlin klistermerke. Nøkkel til sykkelen, og umbrako-nøkkel for regulering av setet, finn du i skapet i gangen. Sykkelkart finn du i boksen med kart. Hugs alltid å låsa sykkelen når du set den frå deg – også i gangen. Hugs å hengja nøklar på plass att i skapet før du dreg.

## **VED AVREISE**

Det skal vera reint, ryddig og triveleg for nestemann som kjem. Tøm kjøleskap for mat eller spør nestemann om han/ho vil nytta det som måtte vera att. Komfyre, kjøleskap, hyller, skap på kjøken og bad samt badekar og wc skal vaskast, samt støv skal tørkast frå karmar, bord og flater i heile husværet. Golv og tepper i alle rom skal støvsugast og golva vaskast. Dra fram sofa, seng og madrasser for å få reingjort under. Støvsug sofaen, evt vask dei brune vatterte sofateppa på 40 grader. Tørk også av bord og stolar på altanen, samt golvet. Før du reiser må alle sengkle, handkle og vaskekluutar vera reine.

Eventuelle skade på interiør må erstattast. Feil og manglar skal snarast meldast Hardanger Kunstlag.

## **DERSOM TRONG FOR UMIDDELBAR HJELP**

Om det gjeld vatn eller oppvarming ta kontakta med Herr Connolly: mob +49 0177 250 4226

Om det gjeld det elektriske kontakt Herr Schmittinger: mob. +49 15229966911

epost: [Schmittinger@mms-communication.de](mailto:Schmittinger@mms-communication.de)

Huseigaren Thomas Kerner ([thomas-kerner@web.de](mailto:thomas-kerner@web.de),+4979096518380)

og Hardanger Kunstlag ([post@hardangerkunstlag.no](mailto:post@hardangerkunstlag.no), mob.+47 45214512 ) må også bli orientert.

**Ikkje avtal store reparasjonar før det er klargjort kven som har det økonomiske ansvaret.**

Me vonar du får eit fint og interessant opphald og at du skriv i gjesteboka før du drar!